


# Øy Nytt

## Kyrkjeblad for Øygarden



### Kyrkjelydstur til Kenya

Meir frå turen på siste sida

#### **Voi misjonsstasjon**

*Turid og Christopher framfor gjestehuset på Voi, den første misjonsstasjonen for NLM i Kenya.*

### I dette nummeret kan du m.a. lesa:

Utfordrande seminar med kinesisk pastor .....	side 3
USA-tur for Vik mannskor .....	side 4
Konfirmantjubileum i Hjelme og Blomvåg .....	side 4
Presentasjon av nye sokneråd .....	side 5
Ungdoms- og barneside .....	side 6 og 7

# Om å lene seg til nokon



Det er godt å lene seg til nokon! Alle veit vi at det er godt å ha folk rundt oss på arbeidsplass, i kyrkjeliv og i familie som vi er glade i og har tillit til. Og som vi kan spørje om råd når vi lurar på noko, eller rett og slett treng hjelp.

Det er godt å "lene seg til" Kyrkja sin klassiske tradisjon. Her ligg Guds Ord og Vedkjenninga i botnen, men óg truserfaringane og vitnemåla til einskildkristne, dei heilage som no er heime hjå Herren.

Ei slik truserfaring finn vi på ein plakat på døra inn i kyrkjeskippet i Hjelme Gamle Kyrkje. (Sjå nedanfor)

Som de veit er vi i gong med å vøle denne kyrkja etter fleire gåver frå næringslivet og tilskot frå kommunen.

Eg vonar at vi i 2006 på nytt kan ønskje vel møtt til gudstenester, konsertar og la dei som skal gifta seg få ha bryllaupet i den vakre trekyrkja ved Hjelmevågen.

Men eg vonar óg at vi kan la påminninga som er oppsett på døra frå våpenhuset til kyrkjeskippet tala til oss, ja, at vi "lene oss til", kjenna tryggleiken i det som står der, i tryggleiken hjå Herren.

*Når du går inn i kyrkja kan du be slik:*

Du som kjem inn her gløym ikkje at dette er Guds hus,  
her er heilag stad.

Ver still i vyrndad for Gud og for dei som høgtidar gudstenesta her.

Lytt med andakt til det frelsande Ordet frå Jesus Kristus.

Vert sjølv ein levande stein i Guds kyrkja på jord.

Gå ikkje frå kyrkja før du har bede for deg sjølv  
for dei som dyrker Gud her og for dei som gjer teneste her  
Gud signe din inngang og din utgang!

Plakat frå døra til kyrkjeskippet, Hjelme Gamle Kyrkje.

**Herren skal vara din utgang og din inngang frå no og til evig tid.**

Sal.121,8


sokneprest@kyrkja.net

## MIN SALME

Det er palmesundag, og året er 1955. På Nordhordland Ungdomsskule (no Nordhordland Folkehøgskule) Frekhaug, er skuleåret over. Det er avslutningsfest. Den store festsalen er fylt til siste plass av elevar og foreldre. Eit utruleg fint og innhaldsrikt skuleår er over, og elevane har pakka og gjort klart for heimreis. Siste innslag på festen er at elevkoret stiller opp, og under leiing av den inspirerande dirigenten Gunnar Binningsbø, vert skulen sin "kjenningssong" framført. "Med Jesus vil eg fara på livsens ferd i lag. Gud, lat den samferd vara alt til min døyand dag! Det er mi hogste æra, det er mi største ros, hans fylgjesvein å vera og vandra i hans ljøs".

Eg var elev på skulen denne vinteren, og orda og tonen frå Elias Blix sin kjende salme har vorte ein kjær skatt for meg gjennom livet.

*Bjarne Skjold (67)  
bur på Skjold, er  
lærerutdanna, gift med  
Olaug, har 5 barn og 6  
barnebarn.*



50 år seinare, 21. mai 2005, er det elevstemne på Frekhaug. Ein liten flokk av det store elevkullet frå 1954/55 har møtt fram for å møta att gode ungdomsvener. "Med Jesus vil eg fara" vert sunge til slutt, og ei lita tåre blenkjer i auga.

Elias Blix rekna denne salmen som sitt åndelege testamente.

Det ynskjer eg for min del òg. Han som sette meg til "si grein i min fyrste vår", har lova å gå saman med meg livet ut.

*Laila Sanden Øyen har teke imot utfordringa frå meg, og skriv neste gong.*



## Den norske kyrkja i Øygarden

### ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Utgjevar: Blomvåg og Hjelme kyrkjelydar  
Redaktør: Odd N. Thormodsæter  
Kontingent: Min. kr 100,- pr. år innan kommunen  
Min. kr 150,- pr. år utanom kommunen  
Takkeannonnar: kr 100,-  
Kontonn.: 3628 07 02557  
Layout/trykk: Grafisk Team AS  
Distribusjon: Hurtiglevering, Tjeldstø  
tlf. 98 66 53 29

### Kyrjekontoret:

Vitjingsadresse: Helse- og tenesteseneteret, Rong  
Postadresse: Boks 144, 5331 Rong  
Telefon: 56 38 22 40  
Faks: 56 38 22 41  
Vakttelefon: 56 38 22 44  
E-post: [kontor@kyrkja.net](mailto:kontor@kyrkja.net)  
Internettider: kyrkja.net  
Opningstid: måndag – fredag 0900 – 1500

### Tilsette:

**Kontorsekretær** Kari Sandøy Rong  
e-post: [kontor@kyrkja.net](mailto:kontor@kyrkja.net)  
tlf. 56 38 22 40

**Kyrkjelydspedagog** Anne Mette Risøy  
e-post: [kyrkjelydspedagog@kyrkja.net](mailto:kyrkjelydspedagog@kyrkja.net)  
tlf. 56 38 22 47

**Kantor** Anne Lise Grøm - permisjon

**Organistvikar** Torgeir Landro  
e-post: [torgeirlandro@hotmail.com](mailto:torgeirlandro@hotmail.com)

**Sokneprest** Svenn Martinsen  
e-post: [sokneprest@kyrkja.net](mailto:sokneprest@kyrkja.net)  
tlf. 56 38 22 44

**Kyrkjevjerje** Odd N. Thormodsæter  
e-post: [kyrkjevjerje@kyrkja.net](mailto:kyrkjevjerje@kyrkja.net)  
tlf. 56 38 22 43

### Kyrkjene:

**Blomvåg kyrkje** tlf. 56 38 70 22  
e-post: [blomvag.kyrkje@kyrkja.net](mailto:blomvag.kyrkje@kyrkja.net)

Kyrkjetenar/gravar: Kåre Kristoffersen  
Mobil 97 72 72 21  
Klokkar: Ole Vik

**Hjelme kyrkje** tlf 56 38 80 30  
e-post: [hjelme.kyrkje@kyrkja.net](mailto:hjelme.kyrkje@kyrkja.net)  
Kyrkjetenar/gravar: Kari B. Solheimslid  
Mobil 9772 74 57  
Klokkar: Ingebjørg Sæle

### Råda:

Blomvåg sokneråd: Leiar: Kjellaug Solsvik  
Hjelme sokneråd: Leiar: Frank Skjold  
Øygarden kyrkjelege fellelråd: Leiar: Gustav Landro

**Teamet 05/06:** tlf 45 27 67 35

**Frist for stoff til  
nr. 6/05 er 24. november**

# Besøk av kinesisk kyrkjeleiar



22.september var Bob Lo frå Hong Kong på besøk i Foldnes kyrkje, der dei tilsette i prostiet var invitert. Lo er leiar for 22 kyrkjelydar i Hong Kong og 150 kyrkjelydar i Kina.

Tekst Anne Mette Risøy  
Foto: Johanna Hundvin Almelid,  
Dagen

## Å vera kristen i Hong Kong og i resten av Kina

Han fortalde om korleis det er å vere kristen og drive kristent arbeid i dei to delane av landet. Vi fekk vite at det er forskjell på å vere kristen i Kina og i Hong Kong. Kina er dessutan splitta i synet på dei kristne og det arbeidet dei gjer. I Hong Kong har ein stor religionsfridom, mens i Kina kan ein bli arrestert dersom ein forkynner evangeliet utanfor det tillatne kyrkjerommet. For å drive kristent arbeide i Kina, må kyrkjelyden vere godkjent og registrert av myndighetene. Det er framleis kristne som vert forfølgde i Kina, og han vitjar aldri dei uregistrerte husmenighetene.

## ”Ein kristen til – enda ein god borgar”

Kina har endra si haldning til dei kristne i åra etter den harde kommunist-tida. Før heitte det: ”Ein

kristen til, er ein kinesar mindre.”, men no har det endra seg til :”Ein kristen til, er enda ein god borgar.” Lo fortalde også at det har skjedd ei endring i forholdet mellom den offentlege og godkjende kyrkja, Tre - Selv - Kyrkja, og dei uoffisielle og uregistrerte husmenighetene. Mange frå husmenighetene har trudd at Jesus ikkje har vore til stades i den offentlege kyrkja og at det dermed ikkje har vore kristne der. Men no byrjar mange å sjå at dette ikkje er tilfelle.

## Eit omfattande arbeid

Kyrkjene som Lo er leiar for, driv eit omfattande arbeid i Kina og Hong Kong. Kyrkjene eig fleire skular og treningssenter og i tillegg driv dei eit stort sosialt arbeid. I tillegg har kyrkja sendt ut fleire misjonærar til Europa, mellom anna til Nederland og Sverige. Dei er svært takksame for det som dei vestlege misjonæranne har gjort for dei, og no har dei høve til å gje noko tilbake til Vesten.

## Relasjonsbygging

Bob Lo ser det som si oppgave å byggje relasjonar til leiarane for kyrkjelydane og dei kinesiske leiarane for å kunne nå dei som høyrer til i kyrkjelyden. Kyrkja i Kina har dessutan eit stort behov for leiarar. Mange har vorte kristne, men det finnest ikkje nok pastorar til å lære dei opp. Lo trur det er ca.30 millionar kristne i den offisielle kyrkja, og 25 millionar i husmenighetene.

## Ei endra haldning

Bob Lo fortalde oss om ei kyrkje som har stått på i både motgang og medgang. Etter fleire år med eit hardt kommunistisk styre, ser det no ut til at myndighetene i Kina gradvis har endra haldning til dei kristne og det arbeidet dei gjer. Framleis er synet på kristne noko delt, men fleire personar frå myndighetene har sørga for at kyrkjelydane har fått det dei har krav på. Vi ønskjer Guds velsigning over det enorme arbeidet som Bob Lo og kyrkja gjer i Kina og Hong Kong!

## Rasmus og Ingrid Haugetun sitt vitnesbyrd

Det er påskeafta. Me sit på rommet til Rasmus på sjukeheimen. Han har no vore sjuk i over 5 år. Så spør Rasmus: -Kan eg ikkje få vera med deg heim? Det er vondt å måtta svara: - Nei – det kan du ikkje. Men eg kan syngja ein påskesalme til deg:  
**Det var en som var villig å dø i mitt sted for at jeg skulle leve ved ham.**  
*Ja, til korset han gikk hvor han kjøpte meg fred, da han sonet min synd, det Guds Lam.*

*Alt som var meg imot, ble utslettet med blod.  
Det ble naglet til korset med ham.  
Hvilken byrde han bar da han sonoffer var  
og tok bort all min synd og min skam.*

Då me er komne inn att på rommet etter ein kort tur på gangen, seier Rasmus:  
*Eg har tonen om Jesu blod i hjarta mitt!*

Lukkelege Rasmus som etter at han har mist så mykje, har tonen om Jesus blod i hjarta sitt.

Så har vi begge to funne trøyst i dette og også i Salme 73, v. 23 og 24:  
*Men eg vert alltid verande hjå deg, du har gripe mi høgre hand. Du leier meg med ditt råd, og sidan tek du meg opp i herlegdom*



# Storarta tur til USA

*Storslaget! Fantastisk! Det er ord dei brukar når dei som var med skal karakterisera Vik Mannskor sin tur til USA i byrjinga av september*



*Bilete: Vik Mannskor m/følgje framfor fridomsstatuen i New York*

Av John Solsvik

– Dette var berre heilt fantastisk. Opplevinga vart faktisk mykje betre enn eg hadde tenkt meg på førehand, seier Kåre Torsvik som bur i Knappen.

Han var ein av seks kormedlemar som hadde kona med på den ti dagar lange turen til USA. Grappa utgjorde til saman 22 reisande frå Kristiansund i nord til Flekkfjord i sør.

– Det flottaste trur eg må verta turen opp i 86. etasje i Empire State Building. Det var eit mektig syn å sjå ut over skyskraparane opp og nedover på Manhattan, seier Kåre Torsvik.

## Sydenferie

Oddbjørg O. Vik gift med Ole A. Vik er i ett og alt einig med Kåre:


– Dette var ei fantastisk oppleving på alle måtar, sydenferie og bibelcamping på ein gong – pluss mykje anna, seier Oddbjørg.

Ho visste at New York var enorm stor, men ho hadde ikkje førestilt seg at det kunne vera så stort:

– Eg fatta ikkje at det kunne vera så enormt stort, både storbyen New York og landet elles. Det overgjekk alt eg hadde tenkt meg, seier ho.

## ØyNytt-rosa

I dette nummeret ynskjer me å gje ØyNytt-rosa som oppmuntring til **Olaug Rong** og **Kate Solsvik** for arbeidet dei gjer i Jubelkoret. Me set stor pris på dykk!



## 50 års konfirmantjubiläum



*Konfirmantjubiläum i Hjelme 28.08.05*



*Konfirmantjubiläum i Blomvåg 18.09.05*

# Resultatet av soknerådsvalet

## Hjelme:

Valet vart halde etter gudstenesta 9. oktober.  
Valet fekk følgjande utfall:

### Faste medlemmer:

1. Atle Dåvøy
2. Annlaug Børve
3. Laila Øyen
4. Kari B. Solhemslid
5. Bodil Martinussen
6. Kristen Olai Fjeldstad

### Varamedlemmer:

1. Kjell Fjeldstad
2. Astrid Rustad
3. Unni Bekkenes
4. Jon Steffen Ervik
5. Olaug L. Hatten

## Blomvåg:

Valet vart halde etter gudstenesta 16. oktober.  
Valet fekk følgjande utfall:

### Faste medlemmer:

1. Bente H. Guntveit
2. Olaug Merete Rong
3. Rannveig Vestbøstad Vik
4. Else Austbø
5. Geir Dale
6. Gustav Landro

### Varamedlemmer:

1. Kjellaug Solsvik
2. Bjarte Vik
3. Øyvind Solsvik
4. Åse Mai Solsvik
5. Britt Helen Myren

Desse representantane er valde for perioden 2006 – 2009.

## Lensmannskontoret si rolle ved dødsfall i Øygarden

*Det er kome fleire spørsmål til kyrkjeverja frå pårørande i samband med dødsfall. For å få svar på nokre av desse spørsmåla, tok vi turen innom lensmann Bjørn Sæle.*

Tekst: Odd N. Thormodsæter  
Foto: Sveinung Tvedt, VestNytt

Når legen har konstatert at ein person er død, skriv han ei erklæring med dødsårsak og sender denne til lensmannskontoret. Dersom legen ikkje kan seia noko sikkert om dødsårsaka, som til dømes ved ulukker og sjølv mord, eller anna brå, uventa død, krev lensmannen obduksjon og syter for transport av den døde til Gades Institutt på Haukeland.

Dei pårørande har plikt å melda dødsfall i

kommunen til lensmannen som fører den offisielle dødsfallsprotokollen. Lensmannen registrerer alle dødsfall, fyller ut skjema og melder dødsfallet vidare til kyrkjeverje, trygdekontor, folkeregister og skifterett. Vidare sender lensmannskontoret ut skjema som gjeld arv og skifte til dei etterlatne. Kontoret hjelper til med å få orden på arv og skifte. Når skifteretten har handsama dette, får ein skifteattest i retur.



Lensmann Bjørn Sæle

Det er også høve til å be om dødsattest på lensmannskontoret, om det skulle vera trong for det, avsluttar lensmann Bjørn Sæle.

## Ny bok

Kyrkjeverje Meinert Helland i Manger prestegjeld og sokneprest Ingvar Fykse har skrivne lokalhistorie frå Nordhordland om m.a helsearbeid i farne tider. Boka heiter **"Helsearbeid i skiftande tider"** og omhandlar helsetenesta i Nordhordland frå 1600-talet og fram til vår tid. Den har òg med ein biografi av legeparet Elsa og Gunnar Jordal. Dr. Jordal skulle vera godt kjent for dei fleste eldre personar i Øygarden. Boka har mest stoff frå Radøy, men sidan Radøy

og Øygarden var i same administrative eining i mange hundre år, er det òg mykje historisk stoff som har interesse for Øygarden.

Boka er til sals på kyrkjekontoret og kostar 350 kr. Bokprosjektet er eit nonprofitt føretak. Alt overskot skal gå til eit misjonsprosjekt i regi av sokneråda på Radøy og Det norske misjonsselskap. Hjelpesprosjektet er lokalisert til området Begi/Gidami i Blånildalen i Vest Etiopia.



# Ungdomsskuleleir på Skjergardsheimen!



Den 16.-18. september var det klart for tidenes Ungdomsskuleleir på Skjergardsheimen! Vi var 34 deltakarar og 11 leiarar, litt av ein gjeng! Det var verkeleg ei artig helg og mykje kjekt var på programmet. Det tar vel ein stund før vi gløymer det fantastiske OL, og så må vi jo heller ikkje gløyme at om det hadde blitt dårleg vær så hadde Rune og Bjarte krise OL klar! Av andre aktivitetar kan vi nemne fotball VM, airhockey, bordtennis, ligretto +++ Vi hadde det kjempe kjekt og det vart nokre seine kveldar!

På denne leiren fekk vi og verta enda betre kjend med Jesus. Magnus J Stokke var med å hadde bibeltime og andakt. Her fekk vi høyre om Moses og korleis Gud var med han gjennom alle prøvelsar. På same måte har Gud også lova å vera med oss. Vi er trygg hos Han. Magnus fortalte oss og om Jesus og det han har gjort for oss då han døydde og oppstod. Når vi trur på Han så er vi på himmelvegen.

For oss i teamet var det utruleg artig å verta betre kjend med dykk alle! De er verkeleg ein flott gjeng!!

Helsing Teamet



# Flott misjonsbarneveke i Oen



Barna strøynde til frå alle kantar til Oen bedehus; frå Vik i sør til Sæle og Hellesøy i nord. Også barna frå nærområdet i Oen var flinke å stilla opp på barnemøte 3 vanlege dagar i september. Kvar kveld var vi over femti barn og eindel vaksne samla om Jesus og misjonen. Første kveld var temaet "Bli kjent med Jesus". Me høyrte om Jesus som kom som verdas frelsar, og lærte oss den flotte Bjarte Leithaug – songen: "Det fins en bro til himmelen"

Dei andre kveldane høyrte vi om at vi kan ta med oss andre til Jesus, og at vi er trygge hos han.

Høgdepunktet kvar kveld var "barnas misjonsprosjekt".

Då kom "Kalle- klovn" og "Bolle – klovn" med den store misjonsbørse. Dei samla inn pengar til misjonsarbeid mellom barn i Bolivia. Over tre tusen kroner kom inn til leirarbeid, bibelleseplanar og skulegang for fattige barna i Cochabamba. På kvar samling viste "Laman" oss kor mykje som vart samla inn. Dess meir pengar me gav, dess lenger spytta han bortover pengelinja. Tilslutt måtte han spytta rundt hjørna i bedehuset.

Tusen takk til alle som gav. Gud velsigne deg!

Aktivitetane desse dagane var mange og varierte. Ein dag laga me oppbevaringsboks til Blinkblada våre, før me koste oss med bollar, saft og leik. Ein dag laga me vår eigen "Laman" som me fekk med oss heim ilag med misjonsbørse, etterpå slurpa me gele med stor konsentrasjon. Siste kvelden var det utlodning. Det flotte var at alle vann. Til glede for både store og små. Denne kvelden hadde familiekoret lagt si samling til barneveka. Det var kjempebra. Før me gjekk heim måtte me lova at dette ikkje vart siste barneveka i Øygarden. Og det skal me prøva å halda....

Takk til alle som stilte opp med praktisk hjelp. De gjer ein viktig jobb!

Helsing Kari og teamet.

**"Det fins en bro til himmelen – å ja!  
Det fins et håp i vrimmelen – å ja!  
For det er Jesus Kristus, tro på han,  
Han bygger bro til vår Gud.  
Med sitt liv han viste,  
Og han fører deg frem.**

**Alltid vil han være nær,  
Evig er hans godhet nær."**

## Øygårdstova Café og Catering, Tjeldstø

Har lokale til ca 100 personer.  
Arrangerer byllaup,  
konfirmasjoner og andre  
tilstellingar.

Kan levera mat til alle  
anledningar.  
Middag, koldtbord og snittar.

Tlf. 5638 9380



med formulatioNs  
**DECLÉOR**

Tatover  
make-up  
varer i 5 år.  
• Eyeliner  
• Øyebryn  
• Lipline  
Ring for mer  
informasjon.

ØYGARDEN HUD & KROPPSPLEIE  
5337 Rong • 56 38 95 15

## Mange gode tilbud på produkter fra KMS

Timebestilling 56 38 73 90

**ANITA KMS  
MALONGEN**

## Mykje flotte gaver i haustens fargar

**KLEOPATRA**

Gave & Interiør

Mand-fred 10-18 Tlf. 56 38 86 00  
Lørd 10-16 Fax 56 38 85 99

**NB: Kun denne dagen**

Vi tilbyr ferdige middagsrettar  
og nysteikte bakervarer

**TH HELLESØY**

TLF.: 56 35 71 40 • 5331 RONG

**RONGEBUA**

Stor jernvare- og interiøravdeling

DALEKLETEN  
5337 RONG  
TLF.: 56 38 87 32  
FAKS: 56 38 87 32  
MOBIL: 91 16 83 75

TORSVIK MUR

**VIDAR VIK TORSVIK**  
MURMESTER

Alt i mur-, puss- og flisarbeid



**-fagkunnskap gir trygghet.**

## Catering - Snitter/koldtbord + Varm mat



Telefon 56 38 74 54 Rong Senter, Boks 13, 5331 Rong

## Bli brun selv om det regner

Ønsker du å leie sol hjem?

Ring B-P-S Solutleie. Vi kan tilby 12--rørs solhimmel  
eller 20--rørs solseng med god kvalitet fritt levert  
Sotra og Øygarden

Tlf 56 38 74 54 (dag), 56 38 73 22 (kveld) eller 91 85 62 58.

**BPS**

Solutleie v/Arvid Rong  
56 38 74 54 / 56 38 73 22



**TORSVIK**

**ELEKTRISKE AS**  
Torsteinsvik - 5337 RONG

acronisster elinstallasjon  
Installasjon industri, bolig  
Data- og telenett  
Alarmanlegg  
Antenne/parabolanlegg  
Elektroverksted  
Elektrisk forretning

**Tlf. 56 38 50 00**

Vakttelefon 922 34 062

www.torsteinsvik.no

**Øygarden**  
elektriske as  
aut. elektroinstallatør

Tlf. 56 38 94 24

Mobil: 928 41 790

E-mail: post@oygarden-elektriske.no

**H Harkestad  
Betong AS**  
Utsalg på Straume  
Tlf. 56 33 00 70

**Betong og betongprodukter**

Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01  
5336 TJELDSTØ

**H Malvin  
Harkestad  
& Sønner AS**

Alt i grunn- og betongarbeid

Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01  
5336 TJELDSTØ



# Utdeling av Biblar til 5. klasse og markering av søndagsskulens dag



Femteklassingane fekk utdelt Biblar i Blomvåg kyrkje 4. september og i Hjelme kyrkje 11. september.

Her har vi sett inn nokre bilete frå utdelinga i Hjelme kyrkje 11. september!

No vonar vi at Bibelen blir mykje brukt slik at du som 5.klassing blir godt kjent i denne boka.

## Markering av 30års-jubileet for Skjergardsheimen

Den 11. september var det også markering av 30.årsjubileet for Skjergardsheimen.

På bilete ser du Audun Sæle(m/ballon) invitera til stor bursdagsfeiring same dag.



Helsing frå teamet

### Heisann alle saman!!

No er vi endeleg på plass her i Øygarden. De kan tru vi har vore spent på korleis dette ville bli. Vi har gleda oss mykje og det forstår vi at vi har hatt god grunn til. Så langt har det vore utruleg kjekt. Vi har vore med på mykje allereie. Vi har hatt oppstart med ICHTYS, dette trur vi vert gøy!! Vi har vore med på Øygarden Gospel, skulelaget, konfirmantsamlingar, i tillegg har vi hatt bibelgrupper! Øygarden er verkeleg ein flott plass med masse flotte ungdommar. Det har vore kjekt å bli kjent med dykk og vi håpar at vi kan bli enda betre kjent etter kvart. ☺

Helsing Teamet



ICHTYS- er gresk og tyder FISK  
Det er og forbokstavane i  
Jesus, Kristus, Guds Son, Frelsar

Ungdomstreff for deg frå 8.klasse++  
Vik bedehus kl 20.00  
Andakt  
Lovsong  
Kafè og underholdning  
Bønnemøte 19.45

ICHTYS hausten 05

15.okt  
22.okt - fellesreise til Johanneskirken  
29.okt - fellesreise til Fjell kyrkje, Gospelnight  
12.nov  
26.nov  
10. des - juleavslutning

### Hørselkontroll

Hørselkontroll er eit tilbod til eldre og uføre som ynskjer hørselmåling og/ eller utprøving av høyreapparat, eller som vil ha kontroll av det høyreapparatet som dei alt har. Ta kontakt med Øygarden kommune, Eleri Mai Oen Fossem, 56 38 23 54 mån - fre 0900-1400 for nærare informasjon.



# Flåten & Sæle

TRADING

**Bjørkeved**  
**Spon (strø) for**  
**kompostering**  
**Og for fjøsdrift**  
**Tørrhøy**  
**Kunngjødsel for eng**  
**Kalksaltpeter**

**Plantejord**  
**Jordforbedring**  
**Dekkbark**  
**Prydbark**  
**Plenkrutt**  
**Gjødsel for**  
**plen og bedd**

Vi holder til på Hvalstasjonen i Blomvåg  
Ved større kjøp kan varene leveres fritt.  
Ta kontakt pr tlf. 56 38 93 05 eller kom innom  
Flåten 93 23 23 40 - Sæle 93 23 23 48

## Ring og be om Norgeshuskatalogen!

Telefon 56 38 28 00

**TH**  
**BHAS BYGG**

Pålneset, 5337 Rong



Butikken har blitt mye større, med stort utvalg av godbiter fra vårt kjøkken.

- \* Moderne bilverksted m/EU-kontoll
- \* Reperasjon av alle bilmerker
- \* Moderne vaskehall



**BLOM**  
**SERVISESENTER AS**



5331 RONG - tlf. 56 38 72 80

**Godkjent bilverksted**

## Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

E-post: post@solstrands.no

*Vår erfaring - din trygghet*

## Inderøy Taxi & Transport

1 - 11 passasjerer

Rullestol

Telefon: 56 38 77 73  
Mobil: 90 59 90 59

## BERGEN OG OMEGN BEGRAVELSEHJELP

Teatergt. 20, 5010 Bergen

Tlf. 55 21 44 50

Mobil 917 51 700

- DØGNVAKT
- PARKERING
- BLOMSTER
- MONUMENTER

Vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv.



K.H. Polden  
Tlf. 56 33 45 88



Tom Wilson  
Tlf. 55 18 50 80



## SAMLIVSKURS

et kurs for å få det enda bedre sammen !

PREP er et kurs som gir par et verktøy til å skape en god og trygg kommunikasjon.

PREP er morsomt og ufarlig. Det blir ikke gruppearbeid, parene jobber for seg.

PREP er et kommunikasjonskurs for par som ønsker nye perspektiver på samlivet, og som ønsker å få det enda bedre. Kurset går over dager: 3. - 4. og 5. november 2005.

Pris pr. par kr.1200.- Interesserte bes ta kontakt med Straume helsestasjon på telf.56313720 .

PREP



SAMLIVSSENTERET  
MODUM BAD

## KYRKJELEGE HANDLINGAR

### Døypte

#### Blomvåg:

Marcus Misje, Blomvåg  
Emilie Thorbjørnsen Rong, Rong  
Gunnar Fromholtz Olsen, Toft ( Hasvik kyrkje)  
Fredrik Johannes Turøy Hjelme, Hjelme  
William Breivik, Breivik  
Tuva Blom Hellesund, Løten  
Isak Landro, Nesttun  
Elise Lill Dunsæd, Bønes

#### Hjelme:

Malin Breivik, Harkestad  
Robert Nikolai Knappen Svellingen, Hellesøy  
Patrick Solbakk Kleivane, Tjeldstø  
Lilly Pauline Voldsund, Rossnes vest

### Døde

#### Blomvåg:

Otto Mikal Herdlevær, Herdlevær

#### Hjelme:

Odd Andreas Skjold, Heggøy  
Ingeborg Krossnes, Alvheim  
Sigurd Alvheim, Tjødnarvegen  
Erling Herman Svellingen, Tednebakkane

### Vigde:

#### Blomvåg:

Elisabeth Halland og Frode Vatland  
Ann Lisbeth Sæle og John Endre Eide  
Kjerstin Elvik og Helge Roald Jomisko  
Tone Iren Paulsen og Raymond Øverlie  
Sylvia Espenes og Inge Mikkelsen  
Maren Herland og Robert Rong  
Cecilie Vik og Roy Sætre

#### Hjelme:

Inger Marie Håskjold og Karstein Pahr.

## TAKK

Hjertelig takk for all medfølelse, deltakelse og blomsterhelsinger ved min kjære Odd, min gode pappa, svigerfar og bestefar, Odd A. Skjold sin bortgang. Martha og Anita med familie.

## KAFFEKROKEN



© Hans Johan Sogrusten

## GUDSTENESTER

30. okt. Blomvåg kyrkje kl. **11:00** Høgmesse v/ Ronny Heimli. Offer til Kirkens nødhjelp sitt arbeid blant jodskjelvofre i Pakistand og Mellom-Amerika. Nattverd ( ikkje dåp)
06. nov. Hjelme kyrkje kl. **11:00** Høgmesse v/ Sverre Martinsen. Offer til kyrkjelydsarb. Nattverd
13. nov. Blomvåg kyrkje kl. **12:00** Familiegudsteneste v/Sverre Martinsen. Offer til Blå kors. Band og forsongarar. 6.-7. klasse leir deltek. Dåp. Kyrkjekaffi .
20. nov. Hjelme kyrkje kl. **11:00** Høgmesse v/Ronny Heimli. Offer til det Norske Bibelselskap. Nattverd. Høve til dåp
27. nov. Blomvåg kyrkje kl **11:00** Familiemesse v/Sverre Martinsen. Offer til kyrkjelydsarb.Song av Jubelkoret. Nattverd.
04. des. Hjelme kyrkje kl. **11:00** Høgmesse v/Sverre Martinsen. Offer til menneskeverd. Nattverd. Kyrkjekaffi
11. des. Blomvåg kyrkje kl. **11:00** Høgmesse v/Ronny Heimli. Nattverd. Høve til dåp

## TIL LUKKE

### 70 år:

12. nov. Norvald Kåre Vestheim, Rong

### 80 år:

12.nov. Ole Johan Njåten, Torsvik  
18.nov. Marta Nilsina Flåten, Ternholmbakkane  
21.nov. Ingeborg Oline Sæle, Hellesund  
01.des. Ivarda Oen, Oen

### 85 år:

06.nov. Margit Amalia Svellingen, Hellesund  
15.nov. Karina Hovden, Tjødnarvegen  
24. nov. Borghild Marie Hovden, Tjødnarvegen

### 90 år:

27.nov. Harald Tjong, Nordvik

## Presisering

I nummer 4/05 presenterte vi vikaren for kantor, Torgeir Landro. I den samanhengen vart det ikkje nemnt følgjande: Torgeir har ein deltidstilling og går difor ikkje inn i det korarbeidet som Anne Lise Grøm har drive.

**Barnekantoret og Øygardskoret** er av den grunn ikkje i drift skuleåret 05/06.

I skrivande stund får vi opplyst at Øygardskoret har teke på seg å syngja på ein Blix-kveld på museet i november. Av den grunn har medlemmene kome saman for å friska opp repertoaret sitt. **Arrangementet finn stad tysdag 1. november kl. 19.00.**



# Kyrkjelydstur til Kenya med misjonærbesøk, safari og badeferie



Turgruppa og sjåførar samla på Voi misjonsstasjon



Frå slummen i Nairobi



Turid og Janesh saman med lokale misjonsvenner



Søndagsskule på misjonsstasjonen



Voi misjonsstasjon. Enkle forhold for matlaging

Ei gruppe på 16 personar fekk eit sterkt møte med Afrika under den 14 dagar lange turen til Kenya. Misjonærar med glimt i auga, møte med rikdom og fattigdom, samanristing på til dels svært dårlege vegar, hissige elefantar og ikkje minst badeferie i Mombasa på Southern Palm Beach Resort var nokre av ingrediensane.

Tekst og foto: Odd N. Thormodsæter

Om lag halve gruppa fekk med seg ei ekstra veke saman med tidlegare misjonær Bjarne Taranger. Dei reiste til det indre av Kenya, til m.a. bibelsenteret i Kapenguria i Pokot. Her fekk dei sjå og høyra kva norsk misjon har utretta både på det praktiske og åndelege område. Heile 60 barnskular, fem gymnas og eit bibelsenter er noko av resultatet av dette arbeidet. I dag er dei fleste av desse misjonsstasjonane overtatt av den lokale kyrkja. Misjonssambandet (eller **Scripture Mission** som det heiter i Kenya) arbeider no aktivt for at universitetet i Nairobi kan få ein permanent filial på området til Bibelsenteret i Kapenguria i Pokot.

På vegen frå Nairobi til Mombasa budde vi på den første misjonsstasjonen som NLM oppretta i Kenya først på 1970-talet. I dag er stasjonen driven av lokale medarbeidarar som har som viktigaste arbeid å laga radioprogram inn mot muslimske grupper. Drivkrafta i dette arbeidet er Gideon Mumo som vi fekk gleder av å møta under opphaldet vårt på Voi misjonsstasjon.

Eit av høgdepunkta var sjølvstøtt å få møta att Turid, Janesh, Christopher og David Amenia i deira "rette" element i Mombasa.

Medan far Janesh driv misjonsprosjekt på fulltid, er mor Turid m.a. lærar for gutane. Noko av tida vil dei ha reiselærar hos seg. Christopher vil også seinare bu på internat på den norske skulen i Nairobi.

Vi fekk også vera med familien Amenia til gudsteneste på misjonsstasjonen i Msambweni. Her fekk vi lytta til flott forkynning av Janesh og imponerande lovsong av lokale krefter. Med enkle hjelpemiddel trylla dei også fram god og velsmakande lunsj til oss kresne nordmenn.

Presten, Bakarikea, orienterte oss grundig om misjonsarbeidet og korleis det er å arbeida i eit muslimsk området.



Elefantar i naturreservatet Tsavo aust.



På farmen til Karen Blixen i Nairobi. Frå venstre Kari Rong, Grete Dale, Solveig Aune og Bjørg Fjeldstad.



Hos Turid og Janesh i Mombasa saman med misjonærekteparet Helga og Arnfinn Røyland. Desse jobbar delvis saman med Turid og Janesh. Fremst Christopher og David

Janesh og barna saman med, Bakarikea, lokal prest på Msambweni misjonsstasjon



Badeferie i Mombasa. Fra v: Kjersti Kårbo, Kari Ingrid Døsgeland og Kjell Døskeland